

Innspel til Planprogram for Skaun kommune

Ser at Planprogram for Skaun ligg ute på Skaun kommune sine heimesider og at det er mogleg å kome med innspel med frist i dag 01.02.2022, - difor desse tankane.

Vi er inne i forhåpentlegvis det som er slutten på ein pandemi som har vara i to år så langt. Mykje av livet og vanene våre har endra seg i løpet av denne tida. Dette er ein viten og lærdom vi må ta med oss vidare i alle planar. Vi veit også at klimaet er i endring, - vi opplever sjølve at vêret endrar seg til meir dramatisk vêr som er våtare og villare.

Pandemien har lært oss at det ikkje var så lurt å leggje ned all vaksineproduksjon, at det er problematisk når vi er avhengig av import av alt nødvendig utstyr til helseetaten.

Frå før har politikarane våre bygd ned kornlagra som kan ha store konsekvensar om det skulle bli uår eller konflikhtar med dei store kornprodusentene i verda som Russland og USA.

Vi må altså tenkje nytt også når det gjeld sjølberging av mat.

Norge er eit land med særst lite dyrkamark (no nede på omlag 3%), og då seier det seg sjølv at vi treng å ta vare på den matjorda som er. Vi veit at utbyggjarar helst vil byggje på dyrka mark, fordi det sjølsagt er det minst kostnadskevjangde. I tillegg er det viktig å notere seg at for Skaun kommune sin del ligg mykje kornareal på leire/kvikkleirejord - ei jord som er godt eigna for å dyrke korn på, men som det er risikosport å byggje bustader på.

På same måte må ein redusere bruken av dyrkamark når det gjeld utbygging av infrastruktur. Når det gjeld utbygging i Børse er det store areal med krattskog som ligg langs gamle E-39 mellom Eliløkken og Lunda. Eit område som har vore attraktivt som hytteområde og som difor også bør vere attraktivt for boligar, med særst kort veg til offentleg kommunikasjon (buss).

Regjeringa har lagt føringar for ei berekraftig velferdssamfunnsutvikling. Desse måla byggjer på FN sine berekraftsmål. Vi meiner at det er viktig at desse blir følgd i den vidare utviklinga.

Kanhende må det føre til at område som er gult i arealplanen i dag, må førast attende som LNF-område.

Vi vil be om å få orientering om planprosessen vidare og deltar gjerne med innspel.

Helsing Gunnlaug Ribe og Tor Inge Tennfjord
- eigar av Gullhaugen gnr./br.nr 142/1 -